

Undervisningsopplegg til *Mitt liv på feil planet*

Vegard Markhus, Aschehoug 2023

DETTE undervisningsopplegget til *Mitt liv på feil planet* er ein del av **Stjerneboka** – eit høgtlesingsprosjekt for 3. og 4. trinn frå Stiftelsen LESE. Opplegget er delt inn i tre fasar: før, undervegs og etter.

FØR-fasen har til hensikt å hjelpe elevane med å etablere ei forforståing slik at de kan danne seg en førestilling om kva boka kjem til å handle om og aktivisere relevant bakgrunnskunnskap. I før-fasen til *Mitt liv på feil planet* går det til dømes an å snakke om tittel, omslag og baksidetekst, om romvesen og planetar, om å kjenne seg utafor, om vennskap osv.

UNDERVEGS-fasen viser til den fasen der ein les teksten. *Mitt liv på feil planet* består av 46 korte og illustrerte kapittel der fleire av kapitla heng saman i bolkar av 3-5. Boka eignar seg difor godt til korte leseøktar, men òg til at ein stoppar opp, snakkar og deretter fortset lesinga. Undervegs i lesinga oppfordrar vi til bruk av slike lesestopp for å modellere og snakke med barna om korleis dei opplever teksten, kva dei tenker om det som skjer m.m.

Det kan til dømes vere når dei møter viktige eller vanskelege ord; det kan vere stader der du tenker eller kjenner at elevane er usikre på innhaldet, kan ha glede av ei oppsummering eller høve til å reflektere saman; det kan òg vere sentrale stader som eignar seg spesielt godt til å snakke om korleis teksten skaper bilete eller seier ting mellom linjene; eller det kan vere stader der gruppa kan vere saman om å oppleve ei overraskande vending i forteljinga eller ei felles kjensle – til dømes av spenning, svik, venskap eller glede over boka.

ETTER-fasen passer til å snakke om boka i sin heilskap når ho er ferdiglest, men òg til å sette boka i perspektiv gjennom ulike aktivitetar, ved å samanlikne ho med andre bøker eller filmar de kjenner, trekke forbindelsar til røynda og til å diskutere kva de synest om boka.

Vi ønsker å få vite kva de synest om boka og håper difor de vil snakke om kva de likte med boka og kva de ikkje likte. Her kan de òg bruke *Streken* til å konkretisere kven som likte boka, kven som mislikte boka - og ikkje minst - til å få frem ulike grunngjevingar for *kvifor*. Vi gleder oss til å høyre kva barna meiner om bøkene og til å finne ut kva slags bok som er Stjerneboka dokkar. Klasser som registrerer meininga si om alle dei fire bøkene innan 23. april – Verdens bokdag, blir med i trekninga av fire forfattarbesøk.



FØR:

Vis bokomslaget og be elevane gjette kva boka handlar om.

- Kva legg de merke til på framsida? Og på baksida?
- Kva slags bok trur de det er snakk om?
- Synest de at biletet uttrykker ei stemning? Trist, glad, sint, morosam, spennande osv.?
- Er det noko i illustrasjonane/teikningane som overraskar dykk?

På framsida står to titlar: *Alien i klassen* og *Mitt liv på feil planet*.

- Kva tenker de på når de høyrer ordet «alien»?
- Korleis trur de det hadde vore om det hadde begynt ein alien i klassen dokkar?
- Kva er ein planet?
- Kva trur de det vil seie å leve på «feil planet»?
- Kven trur de er hovudpersonen i boka?

Les baksideteksten høgt.

- Veit de kva eit sikksakklys er for noko?
- Kven trur de jenta er?
- Kva er eit «uvanleg talent»?
- Kva trur de om guten på baksida?
- Korleis vil de beskrive Ollibolli?

Eventuelt kan òg elevane bevege seg som dei trur Ollibolli bevegar seg, snakke som Ollibolli snakkar osv.

- Andre ting de legg merke til?
- Kva trur de boka handlar om?
- Kva slags forventingar har de til boka?

Gå gjennom vanskelege ord og uttrykk som kan dukke opp i boka.

Lag ei ordliste som elevane kan bruke under lesinga - eller be elevane lage ei liste med 10 ord som dei trur kjem til å dukke opp i boka.

UNDERVEGS:

Undervegs i lesinga oppmodar vi til bruk av lesestopp for å snakke med barna om korleis dei opplever teksten og kva dei tenker om det som skjer. Denne delen inneheld nokre forslag til stader som kan passe for slike lesestopp - nedslag som er vald i eit omsyn mellom lesemengde, bokas komposisjon, stader som egner seg for samtale m.m. Det er berre forslag, og du er velkomen til å velje andre stoppestader som du meiner eignar seg betre for føremåla dine. Vi anbefaler at val av lesestopp tek omsyn til gruppa og dei spørsmål, reaksjonar osb. som dukkar opp undervegs i lesinga.

Undervegs-fasen er i dette opplegget til *Mitt liv på feil planet* delt opp i ni nedslag eller deler.

Nedslag 1: side 3-14

Nedslag 2: side 15-27

Nedslag 3: side 28-41

Nedslag 4: side 42-58

Nedslag 5: side 59-76

Nedslag 6: side 77-107

Nedslag 7: side 108-120

Nedslag 8: side 121-158

Nedslag 9: side 159-168

Etter-fasen kjem etter at de har lese ferdig siste del av boka (side 169-183)

Lenger ned i denne rettleiinga finst forslag til kva ein kan snakke om ved desse lesestoppane.

Samstundes er slike lesestopp ei gyllen anledning til å synleggjere leseprosessen for elevane og til å modellere korleis ein kan snakke om det ein har lest.

Ein god måte å gjere dette på er ved å ta i bruk såkalla **setningsstartarar** til å beskrive leseopplevinga. Her er nokre døme på slike setningsstartarar som ein kan skrive ut, laminere og henge opp på ein eigna stad i klasserommet.

- a. Då eg las, la eg merke til ...
- b. Då eg las, lurte eg på om...
- c. Eg synest at ...
- d. Eg likte godt då ...
- e. Eg blei irritert over ...
- f. Det gjorde inntrykk på meg at ...
- g. Viss eg var [namn på karakter], hadde eg...
- h. Eg blei skuffa over ...
- i. Eg blei overraska over ...
- j. Slutten var ...

Om du modellerer bruken medan du les høgt, opplever barna setningsstartarane i praksis før dei sjølv øver seg på å ta dei i bruk. (Viss du tek i bruk setningsstartarane medan du les, vil det vere naturleg å gjere om setningane til presens, men elles kan du tilpasse og bruke dei i modelleringa slik dei er.)

Her er eit par døme på korleis ein kan gjere det.

1. *Når eg les baksideteksten, lurer eg på ...* kvifor jenta med uvanlege talent begynner i klassen akkurat dagen etter at eit mystisk sikksakklys har sust over himmelen.
2. *Når eg les at Ulrik føler at han lever på feil planet, lurer eg på* kva han meiner med det...
3. *Eg blei overraska over ...* at Bob får oppføre seg som han gjer utan at nokon seier ifrå.

Når de har lest eit par kapittel, kan elevane få i oppgåve å bruke nokre av dei same setningsstartarane til å formulere si eiga oppleving av teksten.

Bruk gjerne ein såkalla **IGP**-struktur der elevane først bruker setningsstartarane individuelt (**I**), deretter i gruppe (**G**), før dei til slutt kan bruke uttrykka i fellesskap, i plenum (**P**). La elevane velje ut 2-3 av setningsstartarane og be dei skrive eit par setningar eller avsnitt som begynner med desse. Legg òg gjerne til rette for at barna grunnir meiningane sine ved hjelp av «fordi» og ved å vise til teksten. Når elevane har skrive eigne setningar, kan dei dele setningane med læringspartnaren sin eller med elevar i ei mindre gruppe – til dømes med 2-3 andre elevar.

Til slutt kan de snakke om teksten i plenum ved hjelp av setningsstartarane. Bruk gjerne setningane til elevane som utgangspunkt for samtalen.

I tillegg går det an å bruke andre vegar inn. Ta opp ting frå teksten som du veit vil engasjere elevane dine, lytt til barna og/eller bruk nokre av forslaga under.

Nedslag 1 (side 3-14)

A.

Ord å snakke om.

Her er nokre ord og uttrykk på side 3-14 som det kan vere relevant å ta opp.

Orda i vanleg skrift kan det vere nok å oppklara kort, med ei enkel forklaring, medan orda i feit skrift er ord som det kanskje kan passe å snakke om sidan dei har særleg betydning for historia, dukkar opp seinare i forteljinga e.l.

Ufo, soveromvesen, planet, pengegalen, limousin, restavfall, **sikksakk**, å sove som ein stein, snurrestol, stjernebikkert, takvindauget, **satellittar**, **fiskebollar i sjokoladesaus**, draumeland, slegge, miksmaster, søppelspannet.

B.

Bruk setningsstartarar, IGP og snakk om det de har lese

La elevane formulere korleis dei opplevde teksten med hjelp av dei faste uttrykka slik det blei føreslått over. Bruk òg gjerne IGP-strukturen – individuell, gruppe og plenum. For å få til samtalar som utviklar leseglede til elevane, er det ein fordel å ta utgangspunkt i den personlege leseopplevinga til elevane.

Bruk spørsmål som «kva handla dette om?» eller «kva skjedde her?», og la samtalen utvikle seg gjennom å formulere opne og autentiske spørsmål som byggjer vidare på svara til elevane. Då

opplever elevane at leseopplevinga deira blir høyrte og teke på alvor. I tillegg *kan* eitt eller fleire av følgjande meir spesifikke spørsmål inngå i praten om det de har lese:

- Kva slags inntrykk får de av Ulrik?
- Korleis trur de han har det?
- Kvifor trur de han tenker at han lever på feil planet?
- Har de nokon gong følt dykk slik – som om de var på feil planet?
- Kva ville de gjort viss de hadde vore Ulrik?
- Kva ønsker Ulrik seg? Kvifor trur de han ønsker seg akkurat det?
- Kva ville de gjort viss de hadde fått ein million?
- Kva liker Ulrik å gjere?
- Kva liker de å gjere viss de ikkje har noko anna å gjere?
- Kva slags inntrykk får de av Bob?
- Kva vil det seie å få folk til å føle seg som søppel?
- Kva hadde de gjort viss de hadde vore Ulrik?
- Og kva hadde de gjort viss de hadde vore ein elev i klassen?
- Kva trur de det grønne sikksakk-lyset kan vere?
- Har de nokon gang sett eller opplevd noko usedvanleg? Fortel.

Ulrik seier «fiskebollar i sjokoladesaus» når han vert overraska...

- Kva seier de når de vert overraska?

(Her kan de òg gjere ein av aktivitetane på nettsida til Stjerneboka: Der ligg det til dømes ei oppgåve med ting ein kan seie når ein blir overraska og ei oppgåve om røvarspråk.)

- Korleis vil de beskrive mor til Ulrik?

Kapittel 3 heiter «Ein strålande morgon».

- Trur de Ulrik har ein fin morgon? Kvifor/kvifor ikkje?
- Kva synst Ulrik om å begynne på skulen etter sommarferien?
- Kvifor trur de han tenker slik?

Nedslag 2: side 15-27

A.

Ord å snakke om.

Her er nokre ord og uttrykk på side 15-27 som det kan vere aktuelt å ta opp.

Orda i vanleg skrift kan det vere nok å oppklara kort, med ei enkel forklaring, medan orda i feit skrift er ord som det kanskje kan passe å snakke om sidan dei har særleg betydning for historia, dukkar opp seinare i forteljinga e.l.

somlar, frukostbordet, elendige, grusom, vinglar, humrande, **oppskrift**

B.

Bruk setningsstartarar, IGP og snakk om det de har lese

La elevane formulere korleis dei opplevde teksten med hjelp av dei faste uttrykka slik det blei føreslått over og bruk gjerne IGP-strukturen. For å få til samtalar som utviklar leseglede til elevane, er det ein

fordel å ta utgangspunkt i den personlege leseopplevinga til elevane. Begynn med spørsmål som «kva handla dette om?» eller «kva skjedde her?», og la samtalen utvikle seg gjennom å formulere opne og autentiske spørsmål som byggjer vidare på svara til elevane. Då opplever elevane at leseopplevinga deira blir høyrte og teke på alvor. I tillegg kan eitt eller fleire av følgjande meir spesifikke spørsmål inngå i praten om det de har lese:

- Kvifor trur de Ulrik blir mett etter to bitar?

Mammaa til Ulrik er stressa.

- Korleis merkar de det?

- Kvifor trur de ho svarer seg sjølv? Kan det vere andre grunnar enn at ho har dårleg tid?

- Kva trur de Ulrik hadde svart på spørsmåla - viss han hadde rokke det?

- Kvifor trur de kapittel 5 heiter: «Ei tåre»?

Ord som *æsj*, *poff*, *uuuææsjh* og *oi* er lydhermande ord.

- Kan de fleire slike?

- Har de nokon gong gløymt noko i sekken? Fortel.

- Korleis trur de mjølka har hamna i sekken?

Så på biletet på side 20.

- Kva legg de merke til?

- Kva synest de om måten Bob tek imot Ulrik på?

- Kvifor trur de at dei andre elevane ler?

- Korleis forstår de illustrasjonen på side 24?

På side 25 er det ein «oppskrift».

- Kva slags oppskrift er det snakk om?

Viss de vil, kan de lage ei alternativ oppskrift: Ei oppskrift som beskriv korleis det kan gå bra for Ulrik. Eller elevane kan få i oppdrag å lage ei oppskrift på noko som skjer i livet deira: Når dei kjem heim frå skulen, når dei et middag eller liknande.

- Kva trur de Ulrik meiner når han seier: "Berre 10 månader igjen til neste sommarferie.»

Nedslag 3: side 28-41

A.

Ord å snakke om:

kremtar, eit dårleg teikn, flokkar, gliser, pensjonert, snerrar, maks klikkemodus, apekatt.

B.

Bruk setningsstartarar, IGP og snakk om det de har lese

La elevane formulere korleis dei opplevde teksten med hjelp av setningsstartarane og IGP-strukturen. For å få til samtalar som utviklar leseglede til elevane, er det ein fordel å ta utgangspunkt i den personlege leseopplevinga til elevane. Begynn med spørsmål som «kva handla dette om?» eller «kva skjedde her?», og la samtalen utvikle seg gjennom å formulere opne og autentiske spørsmål som byggjer vidare på svara til elevane. Då opplever elevane at leseopplevinga deira blir høyrte og teke på

alvor. I tillegg kan eitt eller fleire av følgjande meir spesifikke spørsmål inngå i praten om det de har lese:

Lærer-Liv begynner timen med en viktig beskjed, og Ulrik trur det er verdas verste nyheit.

- Kvifor trur de at Ulrik forventar at nyheita er dårleg?
- Kva slags inntrykk får de av den nye jenta, Fia?
- Kva trur de Ulrik tenker om Fia? Fortel.
- Kvifor begynner alle å le når dei finn ut at Fia liker ufoar?

På side 35 står det at «[I]atteren gir Bob superkrefter» og at han «blir nesten dobbelt så høg».

- Korleis forstår de dette?

(Her kan de òg gjere ein av aktivitetane på nettsida til Stjerneboka: Der ligg det til dømes ei oppgåve der elevane skal teikne seg sjølv med ei superkraft etter eige val.)

- Kva tenker de om at Fia står opp imot Bob? Synest de ho er frekk?
- Kva hadde de gjort viss de hadde vore Ulrik?
- Kva hadde de gjort viss de hadde vore Fia?
- Synest de det er greitt at Fia kastar Bob? Kvifor / kvifor ikkje?
- Forstår de at Ulrik smiler?
- Kvifor trur de klassen blir overraska?
- Kva trur de kjem til å skje vidare?

Nedslag 4: side 42-58

A.

Ord å snakke om.

Her er nokre av orda på side 42-58 som det kan vere aktuelt å ta opp.

Orda i vanleg skrift kan det vere nok å oppklara kort, med ei enkel forklaring, medan orda i feit skrift er ord som det kanskje kan passe å snakke om sidan dei har særleg betydning for historia, dukkar opp seinare i forteljinga e.l.

ufo-jakt, kikkert, backflip, legge på sprang, i intergalaktisk samanheng, augneblink, Megaboom 3000, galakse, lighter, panikk, svimmel, NASA, sveisemaske, sveiseapparat og **mistenkeleg**.

B.

Snakk om det de har lese.

La elevane formulere korleis dei opplevde teksten med hjelp av dei faste uttrykka slik det blei føreslått over og bruk gjerne IGP-strukturen – individuell, gruppe og plenum. For å få til samtalar som utviklar leseglede til elevane, er det ein fordel å ta utgangspunkt i den personlege leseopplevinga til elevane. Bruk spørsmål som «kva handla dette om?» eller «kva skjedde her?», og la samtalen utvikle seg gjennom å formulere opne og autentiske spørsmål som byggjer vidare på svara til elevane. Då opplever elevane at leseopplevinga deira blir høyrte og teke på alvor. I tillegg kan eitt eller fleire av følgjande meir spesifikke spørsmål inngå i diskusjonen av det de har lese:

- Kvifor trur de Ulrik vil på ufo-jakt?
- Kvifor blir han redd for vesenet som han ser?
- Kva trur de han er redd for skal skje?

Bob åttvarar Ulrik om at han ikkje skal prøve å finne ut korleis onkelen til Bob har fått tak i fyrverkeri.

- Kvifor trur de Bob vil halde dette hemmeleg?

- Trur de på Bob når han seier at onkelen er noregsmeister i boksing, bryting, karate og juling? Kvifor / kvifor ikkje?

- Kvifor trur de Ulrik blir lei seg når Megaboom 3000 teiknar ei grøn sikksakkstripe over himmelen?

- Trur de det var ein rakett Ulrik så kvelden før skulestarten? Kva kan det elles ha vore?

- Kva trur de pappaen til Fia meiner med at han og Fia "på ein måte" er romvesen?

- Er de einige med pappaen til Fia: Trur de det er liv på andre planetar enn jorda?

Nedslag 5: side 59-76

A.

Ord å snakke om:

krusedullar, springing, juling, utvist, rable, skulke, kvepp og hyperrealistisk.

B.

Snakk om det de har lese.

For å få til samtalar som utviklar leseglede til elevane, er det ein fordel å ta utgangspunkt i den personlege leseopplevinga til elevane. Bruk spørsmål som «kva handla dette om?» eller «kva skjedde her?», og la samtalen utvikle seg gjennom å formulere opne og autentiske spørsmål som byggjer vidare på svara til elevane. Då opplever elevane at leseopplevinga deira blir høyrte og teke på alvor. I tillegg kan eitt eller fleire av følgjande meir spesifikke spørsmål inngå i diskusjonen av i praten om det de har lese:

- Kvifor trur de Ulrik spring så rart mot skulen?

Viss de vil, kan elevane få i oppdrag å reise seg opp og prøve ut «ein rar mellomting mellom å gå, springe, hoppe, danse og fly» – akkurat som Ulrik.

Se på dei to bilene på side 60.

- Kva legg de merke til? Har de idear om kven det kan vere?

- Kvifor trur de ikkje Fia svarer når Ulrik seier hei?

- Kvifor er ho lei seg?

- Kvifor trur de det er kaos i klasserommet?

- Kva slags kaos er det snakk om? Kva driv elevane med?

- Kva synest de om at Fia har blitt utvist?

- Kva trur de Ulrik synest om at Fia har blitt sendt heim?

(Her kan de òg velje ein av aktivitetane frå nettsida til Stjerneboka: Der ligg det til dømes ei teikneoppgåve om krusedullar og skriveoppgåva «Kva ville du sagt til Ulrik?» der elevane skal teikne seg sjølv med ei superkraft etter eige val.)

- Kva trur de Ulrik meiner når han seier: «Dustane kan ikkje alltid vinne!»?

- Har du nokon gong opplevd noko skikkeleg urettferdig? Kva skjedde? Gjorde du noko for å endre på situasjonen? Kvifor/kvifor ikkje?

- Kvifor trur de Ulrik går for å finne Fia?
- Kva hadde de gjort viss de hadde vore Ulrik?
- Korleis vil de beskrive venskapen mellom Ulrik og Fia?
- Kva trur de Ulrik meiner med at romvesendrakta «smiler» til han?
- Kva trur de skjer vidare?

Nedslag 6: side 77-107

A.

Ord å snakke om:

Latterkrampe, grytidleg, finito, simsalabim, klin kokos, gardinlarve, gurglelydar, gigantisk, avansert, briljant, salto, flytebrygga.

B.

Snakk om det de har lese.

For å få til samtalar som utviklar lesegleda til elevane, er det ein fordel å ta utgangspunkt i den personlege leseopplevinga til elevane. Bruk spørsmål som «kva handla dette om?» eller «kva skjedde her?», og la samtalen utvikle seg gjennom å formulere opne og autentiske spørsmål som byggjer vidare på svara til elevane. Då opplever elevane at leseopplevinga deira blir høyrte og teke på alvor. I tillegg kan eitt eller fleire av følgjande meir spesifikke spørsmål inngå i diskusjonen av i praten om det de har lese:

- Kva synest de om planen til Ulrik? Kva er bra, og kva er ikkje fullt så bra?
- Er de einige med Ulrik i at planen kjem til å løyse problema til både Ulrik og Fia?

På side 89 står det: «Det er som om Ollibolli forandrar alt».

- Kvifor trur de det er slik?
- Kva synest de om måten Lærer-Liv reagerer på?
- Kvifor trur de at Bob er reddast av alle?
- Synest de synd på Bob? Kvifor / kvifor ikkje?
- Kva trur de hadde skjedd om det hadde komme inn ein alien i klasserommet dokkar?
- Korleis hadde de sjølv reagert?
- Kvifor trur de Ulrik seier at romvesen ikkje et menneskekjøtt på ein kvardag?
- Kva trur de Fia synest om det som skjer?
- Kva trur de Ulrik meiner med at planen hans går FOR bra?
- Kvifor trur dei andre elevane på Ulrik og talen hans?

Ifølge Ulrik er dei neste dagane som ein draum.

- Trur de alle er einige i det? Kvifor / kvifor ikkje?

Då Ulrik fortel Fia om sikksakk-lyset, svarar ho: Ufo.

- Kva trur de ho meiner med det?
- Kva trur de skjer vidare?

Nedslag 7: side 108-120

A.

Ord å snakke om:

fake, **bevis**, v-ordet, fortvila, naturtalent.

B.

For å få til samtalar som utviklar leseglede til elevane, er det ein fordel å ta utgangspunkt i den personlege leseopplevinga til elevane. Bruk setningsstartarar og spørsmål som «kva handla dette om?» eller «kva skjedde her?», og la samtalen utvikle seg gjennom å formulere opne og autentiske spørsmål som byggjer vidare på svara til elevane. Då opplever elevane at leseopplevinga deira blir høyrte og teke på alvor. I tillegg kan eitt eller fleire av følgjande meir spesifikke spørsmål inngå i diskusjonen av i praten om det de har lese:

- Kvifor trur plutselig klassen ikkje lenger på Ulrik?
- Kvifor seier ikkje Ollibolli berre «nam, nam» til Bob?
- Har de andre idear til kva Ulrik og Ollibolli/Fia kunne gjort?
- Kva synest de om Fias ide om å filme Ollibolli i ein ufo?
- Kva synest de om at ho vil «lage» eit bevis på at Ollibolli er ekte?

Ulrik seier at han ikkje orkar å lyge meir.

- Er det slitsamt å lyge? Kvifor / kvifor ikkje?
- Kva vil det seie å vere eit naturtalent?
- Og kva vil det seie å vere eit naturtalent når det gjeld å lyge?
- Er de gode på å lyge?
- Kva må ein gjere for å lure andre? Har de nokon tips?

Nedslag 8: side 121-158

A.

Ord å snakke om:

timing, Saturn, dirke, å lure nokon trill rundt, luntene, nedteljing, bustete, kritkvit, punkterer, sprogne, fyrverkerirestane.

B.

For å få til samtalar som utviklar leseglede til elevane, er det ein fordel å ta utgangspunkt i den personlege leseopplevinga til elevane. Bruk setningsstartarar eller begynn med spørsmål som «kva handla dette om?» eller «kva skjedde her?», og la samtalen utvikle seg gjennom å formulere opne og autentiske spørsmål som byggjer vidare på svara til elevane. Då opplever elevane at leseopplevinga deira blir høyrte og teke på alvor. I tillegg kan eitt eller fleire av følgjande meir spesifikke spørsmål inngå i diskusjonen av i praten om det de har lese:

- Kva slags inntrykk får de av pappaen til Fia?
- Kvifor trur de han kan så mykje om ufoar og planetar?
- Kva synest de om planen til Ulrik og Fia?
- Kvifor trur de Ulrik og Fia går til onkelen til Bob?
- Hadde de tort å snike seg inn i onkelens hus for å finne fyrverkeri?

- Kva synest de om måten onkelen reagerer på?
- Kvifor blir onkelen sint på Bob?
- Korleis klarer Fia å lure onkelen til Bob?
- Kvifor blir Ulrik så skuffa over at mobilen var tom for batteri?
- Kvifor trur de at Bob ikkje er sint på Ulrik og Fia?
- I kva grad synest de at Bob har endra seg?

Nedslag 9: side 159-168

A.

Ord å snakke om:
æresord, veivar.

B.

For å få til samtalar som utviklar leseglede til elevane, er det ein fordel å ta utgangspunkt i den personlege leseopplevinga til elevane. Bruk setningsstartarar og spørsmål som «kva handla dette om?» eller «kva skjedde her?», og la samtalen utvikle seg gjennom å formulere opne og autentiske spørsmål som byggjer vidare på svara til elevane. Då opplever elevane at leseopplevinga deira blir høyrte og teke på alvor. I tillegg kan eitt eller fleire av følgjande meir spesifikke spørsmål inngå i diskusjonen av i praten om det de har lese:

- Kva synest de om reaksjonen når Ulrik og Fia kjem tilbake til klassen?
- Kva slags inntrykk får de av dei andre barna i klassen?
- Forstår de kvifor Ulrik og Fia får lyst til å seie sanninga?
- Kvifor trur de avisa ringer til Lærer-Liv?
- Kvifor trur de Ulrik får vondt i magen?
- Kva trur de Fia tenker?
- Kven trur de kjem inn døra?
- Kva trur de skjer vidare?

ETTER:

Når du har lese høgt dei siste sidene av *Mitt liv på feil planet*, kan de runde av arbeidet med boka ved å snakke om det de har lese og ved å gjere ei eller fleire av oppgåvene under.

For å få til samtalar som utviklar leseglede til elevane, er det ein fordel å ta utgangspunkt i den personlege leseopplevinga til elevane. Bruk setningsstartarar og spørsmål som «kva handla dette om?» eller «kva skjedde her?», og la samtalen utvikle seg gjennom å formulere opne og autentiske spørsmål som byggjer vidare på svara til elevane. Då opplever elevane at leseopplevinga deira blir høyrte og teke på alvor. I tillegg kan eitt eller fleire av følgjande meir spesifikke spørsmål inngå i diskusjonen av i praten om det de har lese:

- Kva synest de om slutten på boka?
- Kva slags spørsmål sit de att med etter å ha lese boka?
- Var det noko som var uklart? Noko de ikkje fekk svar på?
- Kva fekk boka de til å tenke over?

- Kvifor trur de Ulrik og Ollibolli blir kasta opp i lufta (i kapittel 43)?
- Kva trur de Ulrik tenker medan han heng i lufta?
- Kva synest de om reaksjonen til mamma til Ulrik når de kjem heim?
- Kvifor kjem Bob på besøk hos Ulrik?
- Korleis vil de beskrive Bob på slutten av boka?
- Synest de han har endra seg? Kvifor / kvifor ikkje?
- Korleis har forholdet mellom Ulrik, Fia og Bob endra seg i løpet av boka?
- Kven i boka kjenner de dykk mest igjen i? Kvifor?
- Kva trur de kan vere orsaka til det grønne sikksakklyset?
- Kva synest de om at Ulrik skriv ferdig boka si til slutt?
- Synest de *Alien i klassen* passer betre som tittel på boka enn *Aleine i klassen*?
- Kva med *Mitt liv på feil planet* – er det ein betre tittel?
- Synest de at omslaget passer til boka? Grunngi svaret.
- Kva slags rolle spiller illustrasjonane i boka?
- Liker de illustrasjonane? Kvifor / kvifor ikkje?
- Kva slags stemning vekker boka i dykk? Synest de til dømes at boka er mest morosam, spennande, kjedeleg, trist, tankevekkjande eller anna?
- Kva vil de seie at boka *eigentleg* handlar om?
- Minner *Mitt liv på feil planet* dykk om andre bøker og historier de har lest, sett eller høyrte?
- Kva seier boka om korleis det er å vere annleis?
- Synest de ein kan lære noko av boka? Kvifor / kvifor ikkje?

Vurdering:

Til slutt kan de snakke om kva elevane synest om boka. De kan diskutere kvifor dei likte eller ikkje likte ho, kva dei likte og kva dei ikkje likte osv. Bruk gjerne Streken (sjå under) når de diskuterer og vurderer boka.

Vurderinga kan òg vere ei god anledning til at elevane får snakke om leseopplevinga si og at de vert oppfordra til å grunngi synspunkta sine. Om du legg til rette for ei hyggeleg ramme for samtalen, blir det lettare for elevane å fortelje kva dei meiner om teksten.

- Kva meiner de om boka?
- Liker de *Mitt liv på feil planet*? Kvifor/kvifor ikkje?
- Kva liker de? Og kva liker de ikkje?

Samanlikn òg med forventningane de hadde før de begynte å lese.

- I kva grad levde innhaldet opp til forventningane? Grunngi svaret.

Lag gjerne eit dokument der de skriv inn tilbakemeldingane på boka. Da er det enklare å legge inn tilbakemeldingane på nettsidene i etterkant.

I den samanheng kan de også snakke om kva slags tilbakemeldingar som er dei viktigaste å vidareformidle til forfattaren:

- Kva var bra? Og kva kunne gjort at boka var enda betre?
- Er det tilbakemeldingar som de ønsker å gi til dei som har laga Stjerneboka og vald ut boka?
- Og kva ville de sagt til andre barn i 3. og 4. klasse i Norge? Vil de anbefale boka?

Til slutt kan de vurdere boka *saman*:

Er boka **veldig bra, bra, OK** eller **kjedeleg**?

Eller er boka så god at den fortener merkelappen **stjernebok**?

De vel sjølv om de vil prøve å nå fram til eit kompromiss – eller om de vil foreta ei reell avstemming. Viss de går for avstemming, avgjer de også sjølv om elevane skal stemme offentleg eller anonymt. Ei mogelegheit er òg å gje kvar stemme ei verdi (veldig bra er 3 poeng, bra er 2 osv.). Då kan de stemme og telle saman poenga. Kanskje de kan bruke rekning som grunnleggande ferdighet for å rekne ut gjennomsnittssummen?

Streken

Ei metode for debatt og kritisk lesing i klasserommet.

Hensikten med denne metoden er å få fram ulike meiningar og gode diskusjonar i klasserommet.

Marker ein strek i klasserommet med til dømes teip, ei snor eller bøker.

‘Streken’ skal fungere som ein einig/ueinig-akse, og elevane skal i løpet av diskusjonen plassere seg i høve til denne aksen. Ein person – læraren til dømes – set fram ulike påstandar i løpet av sekvensen. Elevane skal plassere seg på den eine eller andre sida, eller midt på. Deretter vert det opna for grunngiving og diskusjon – og elevane får høve til å flytte på seg kvar gang dei endrar synspunkt.

Det kan vere ei god idé å byrje med uskyldige påstandar slik at elevane får prøvd ut forflyttinga før dei større diskusjonane startar.

Døme på oppvarmingsspørsmål:

- Eg et brødmat
- Eg liker sushi
- Eg driv med idrett

(Legg til det du tenker passer best for elevgruppa di).

Pass på at spørsmåla eller påstandane alltid er av ein sånn art at alle alternativ er like riktige, det skal ikkje vere mogleg å velje «feil».

Deretter kan de gjere det same med påstandar frå, eller om boka i sin heilskap.

Iblant hender det at alle stiller seg på same side av streken, men denne metoden kan ein òg bruke som utgangspunkt for nyansering og diskusjon. Plukk gjerne ut éin av påstandane som skapte litt fordeling på kvar si side og la elevane debattere med kvarandre, med deg som debattleiar. Du kan ev. òg plukke ut nokre elevar som kan grunngi sitt standpunkt når de leiker «streken». Endeleg går det òg an at du bidreg med eit argument som støtter et av synspunkta der det er få. Da synleggjer du at også mindretalet kan ha gode argument for synspunkta sine.

Andre oppgåver

(sjå òg [nettsida](#) for fleire aktivitetar til *Mitt liv på feil planet*)

1. Karakterintervju:

Elevane kan intervjuje kvarandre som om dei var karakterane i boka. Dei kan førebu spørsmål og svar som utforskar karakterane sine tankar og kjensler.

2. Brevveksling:

La elevane skrive brev til kvarandre som om dei var karakterane i boka. Dette kan hjelpe dei å utforske karakterane sine perspektiv og utvikle empati.

3. Illustrert dagbok:

Be elevane lage ei illustrert dagbok frå Fias perspektiv. Eller frå Bob sitt perspektiv? Dei kan teikne og skrive om viktige hendingar og kjensler som oppstår gjennom boka.

4. Dramatisering:

Del klassen inn i grupper og la dei velje ei scene frå boka som dei vil dramatisere. Dei kan skrive eigne manus eller improvisere basert på teksten.

Etterpå kan de diskutere korleis det var å spele karakterane og kva slags kjensler som kom fram.

5. Lydopptak:

Elevane kan lage eit lydopptak der dei les favorittscenene sine høgt og legg til lydeffektar og musikk for å skape stemning.

6. Tematisk collage:

Lag ein collage som representerer dei viktigaste temaa i boka, som vennskap, identitet og sjølvopppaging. Elevane kan bruke bilete, tekstutklipp og teikningar.

7. Alternative sluttar:

Be elevane skrive ein alternativ slutt på boka. Korleis kunne historia ha enda annleis? Kva ville dei endra på, og kvifor?

8. Book Bento:

Ta eit bilete av boka saman med ting som passer til handlinga.

Les ev. meir her: <https://forskoler.kb.dk/online-undervisning/book-bento>

9. Boktrailer:

La elevane lage ein kort boktrailer som presenterer boka og hovudtemaa. Dei kan bruke bilete, tekst og musikk for å skape ei engasjerande presentasjon.

10. Kunstutstilling:

Arranger ei kunstutstilling i klasserommet der elevane viser fram teikningar, måleri eller skulpturar inspirert av boka.